



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	07.02.2013	15487/2013/S11	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	08.05.2013

Småkraftverk i Ørsta og Volda kommunar - søknad for 14 kraftverk - fråsegn ved offentlig høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Kulturminne og kulturmiljø

Med utgangspunkt i dei dokument som ligg føre er det vanskeleg å gi eit eintydig svar i forhold til eventuelle konflikter med kulturminne og kulturmiljø. Vi saknar ei kartlegging av kulturminne og kulturmiljø. Det er derfor viktig at ein får gjennomført ei kartlegging av kulturminna innanfor dei einskilde områda. Her er det grunneigerane og lokalkjente som normalt har mest kunnskap om sitt nærområde. Denne kunnskapen bør samlast med kartfesting og skildring av kulturminna og leggast til grunn for ei vurdering av konsekvensane. Vi ser også at det fleire stader vil vere behov for arkeologisk registrering i forhold til undersøkingsplikta og § 9 i kulturminneloven. I nokre tilfelle vil det vere behov for registrering med gravemaskin. Dette gjeld særleg der sjølve kraftstasjonen/røyrgate er plassert i låglandet og i området nær sjøen. Andre stader vil det vere behov for registrering i form av synfaringar og prøvestikk med spade. Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved slike registreringar, jf. § 10 i kulturminneloven.

Kulturminneregistreringar som allereie er kjent gjennom Riksantikvaren sin database Askeladden og i den såkalla SEFRAK-registreringa må nyttast som grunnlag for den vidare planlegginga.

Vi vil her gi nokre generelle merknader til dei einskilde søknadane, men gjer merksam på at desse merknadene kan vere av noko vekslende karakter og kvalitet sidan vi ikkje kjenner områda godt nok.

Holåa kraftverk

Her er det relativt stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne som ligg skjult under markoverflaten ved kraftstasjonen på kote 25. Truleg behov for registrering med gravemaskin.

Helgåa kraftverk

Det er ikkje registrert kulturminne i våre register, men det er eit visst potensiale for funn skjult under markoverflaten i kraftstasjonsområdet/depotområdet (kote 10).

Skår kraftverk

Stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne skjult under markoverflaten i kraftstasjonsområdet (kote 3). Her er registrert 4-5 SEFRAK-registrerte kulturminne relativt nær elva. Truleg behov for registrering med gravemaskin.

Indre Trandal kraftverk

Stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne skjult under markoverflaten i kraftstasjonsområdet (kote 3). Truleg behov for registrering med gravemaskin.

Klubbeneselva kraftverk

Eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne skjult under markoverflaten i kraftstasjonsområdet (kote 15). Her er registrert 2 SEFRAK-registrerte kulturminne relativt nær sjøen.

Skarbøen kraftverk

Eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne skjult under markoverflaten i kraftstasjonsområdet (kote 2). Her er registrert 7 SEFRAK-registrerte kulturminne.

Årsetelva kraftverk

Stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne skjult under markoverflaten i kraftstasjonsområdet der det er relativt stor fin flate (kote 10). Truleg behov for registrering med gravemaskin.

Dravlaus kraftverk

Eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne skjult under markoverflaten i kraftstasjonsområdet (kote 20). Her er registrert 6 SEFRAK-registrerte kulturminne relativt nær elva.

Øygardselva kraftverk

Her er registrert 2 automatisk freda kulturminne i nærområdet. Området må undersøkjast nærmare. Kraftstasjonen ligg relativt høgt, på kote 70.

Storelva kraftverk

Eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne skjult under markoverflaten. Her er svært mange SEFRAK-registrerte kulturminne og det kan sjå ut til at det er direkte konflikt med tre område med slike kulturminne langs elva. Prosjektet kan virke problematisk. Kraftstasjonen ligg på kote 6.

Feirdalselva kraftverk

Det er ikkje registrert kulturminne i våre register. Kraftstasjonen ligg på kote 300.

Osvatnet kraftverk

Det er ikkje registrert kulturminne i våre register. Kraftstasjonen ligg på kote 300.

Vassbakke kraftverk

Eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne skjult under markoverflaten. Her er 7 SEFRAK-registrerte kulturminne og det kan vere direkte konflikt mellom desse og utbyggingsplanane. Kraftstasjonen ligg på kote 55.

Osdalen kraftverk

Eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne skjult under markoverflaten. Her er 1 SEFRAK-registrerte kulturminne. Sæterområde i nærleiken.

Kraftforsyning, verdiskaping og næringsutvikling

Dei 14 konsesjonssøkte småkraftverka i Volda og Ørsta har samla ein årleg kraftproduksjon på om lag 128 GWh (0,128 TWh). I følgje Statistisk sentralbyrå var snittet i stamforbruk i hushaldningar om lag 16000 kWh per år. Ein produksjon på 128 GWh vil då kunne gi straum til ca 8000 husstandar.

Produksjonen vil gi eit bidrag til betre straumforsyning i fylket og det aukar andelen fornybar energi. Samla årleg produksjon av kraft i Møre og Romsdal var i 2011 på 7 TWh medan forbruket var i overkant av 10 TWh. Fylket er såleis avhengig av sikker overføring frå andre regionar. Småkraftverk har ikkje magasinering av vatn, og produksjonen vil dermed svinge noko etter vassføring og årstid.

Utbyggingane vil gi auka verdiskaping og gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad i distriktskommunar. Inntekt frå kraftsal kan for enkelte grunneigarar bety mykje for vidare næringsverksemd knytt til gardsbruk eller anna verksemd, og kan gi gode ringverknader til lokalsamfunnet.

Reiseliv

Hjørundfjorden (med Norangsfjorden og Storfjorden) er i ferd med å utvikle seg til å bli ein juvel i reiselivssamanheng. Av mange hevda å bli "den nye Geirangerfjorden". Det er allereie per i dag mange reiselivsaktørar i Hjørundfjorden og fleire miljø/aktørar er i startgropa for utvikling av spennande reiselivsprodukt i Hjørundfjorden. Hausten 2013 vil Hurtigruta ha anløp i Hjørundfjorden med Urke som ilandstigningshamn i ein periode på 8 veker, og mykje tyder på at dette er ei langsiktig satsing for Hurtigruta. Cruiseskip har også varsla sin ankomst til Hjørundfjorden.

Ved etablering av småkraftverk i Hjørundfjorden, er det svært viktig at ein legg vekt på det visuelle uttrykket i naturen og kulturlandskapet. Fjord Norge regionen si sterkaste merkevare er fjordlandskapet, der vassdrag og fossar er ein viktig del av dette biletet. Det ville vere eit tap i reiselivssamanheng dersom dei fleste vassdrag/fossar i fjorden blir (sterkt) redusert slik at dei ikkje lenger bidrar særleg mykje til landskapsbiletet. Ei skånsom utbygging der ein tar omsyn til faktorar som er viktige for reiselivet vil truleg ikkje gi negative verknader.

Andre anleggsinngrep som for eksempel vegskjeringar og rørygater i dagen, kan også gi ein klar reduksjon av opplevinga i dette området.

Det er avgjerande at dette blir vektlagt og at utbyggingane i Hjørundfjorden ikkje skadar fjorden som eit viktig reiselivsmål. Det kan få negative følgjer for reiselivsnæringa i området.

Vassregionmyndigheit - (VRM)

Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndigheit med ansvar for oppfølging av vassforskrifta, og er dermed ansvarlig for plan- og prosess i arbeidet med forvaltningsplan for alt vatn i fylket.

Møre og Romsdal har ein rik og mangfaldig vassdragsnatur. Vasskraftutbygging og andre inngrep vil påverke dette mangfaldet. I dokumentet *Vesentlege vassforvaltningsspørsmål* er kraftutbygging lista opp som ei av dei største utfordringane for vassmiljøet i regionen.

Sektorstyresmakter, inkludert kommunane, NVE og Fylkesmannen, skal i løpet av mai-juni 2014 kome med forslag til tiltak som skal trygge og betre miljøtilstanden i vatn og vassdrag, innafør sine ansvarsområde. Desse tiltaka vil bli vurdert og innarbeidd i ei tiltaksanalyse.

Søre Sunnmøre vassområde har opplysningar om at det arbeidast med utforming av tiltak i minst tre av dei aktuelle vassdraga som det her blir søkt om konsesjon i. Det er ikkje umogleg at det også fremjast forslag til tiltak i fleire. Det er viktig at NVE si sakshandsaming av kraftsøknadene er koordinert med tiltaksarbeidet i vassområdet. Dei elvane/vassdraga der det arbeidast med utforming av tiltak er:

- Austefjordvassdraget (Osdalen kraftverk)
- Bondalselva (Arsetelva kraftverk)
- Vassbakkelva (Vassbakke kraftverk)

I mange vassdrag veit vi lite om miljøtilstanden. Kunnskap om naturtypar og planter og dyr knytt til vassdraga er viktig for å sikre desse verdiane i utbyggingssaker og dessutan avgjerande for å kunne overvake tilstanden i vassdraga, jfr. krav i vassforskrifta. Vassdrag som skal byggast ut, må ha tilstrekkelege naturfaglege undersøkingar slik at dei kan bli klassifisert etter vassforskrifta sine krav. Berre på den måten kan ein vurdere om ein oppfylle krava i vassforskrifta § 12.

Ein ber vidare om at det blir retta særskilt fokus på dei anadrome elvestrekningane, slik at kraftutbygginga ikkje er til hinder for vandring, reproduksjon og levesett for laks og sjøaure. Ein må her også sjå på sumverknad av eventuell påverknad/reduksjon av laks- og aurebestanden i området.

Innhenta kunnskap og vurderingar må legge grunnlag for om det skal gjevast konsesjon eller ikkje, samt gje grunnlag for fastsetjing av konsesjonsvilkår og eventuelle avbøtande tiltak.

Møre og Romsdal fylkeskommune som vassregionmynde har følgjande samla innspel:

- Ved nye inngrep i ein vassforekomst er det i § 12 i vassforskrifta lagt stor vekt på å avgrense negativ påverknad. For å kunne følgje opp dette i etterkant, vil det vere eit vilkår at ein har tilstrekkeleg kunnskap om miljøtilstanden knytt til vassdraget før utbygging.
- Saksbehandlinga av søknadane må samordnast med tiltaksanalysearbeidet i Søre Sunnmøre vassområde.
- Ein ber om at det blir retta særskilt fokus på dei anadrome elvestrekningane, slik at kraftutbygginga ikkje er til hinder for vandring, reproduksjon og levesett for laks og sjøaure. Ein må her også sjå på sumverknad av eventuell påverknad/reduksjon av laks- og aurebestanden i området.

Konklusjon

Det er krav om arkeologisk registrering for fleire av enkeltsøknadane, sjå elles merknadane ovanfor.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesrådmann

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

(./.)

Fagsaksbehandler

Kulturminne og kulturmiljø: fylkeskonservator Bjørn Ringstad, 71258841

Energi: rådgiver Ketil Valde, tlf 71 25 81 65

Vassregionmyndighet: rådgiver Tormod Meisingset, tlf. 71 25 80 24

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Ørsta kommune

Volda kommune